



Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2019

Fyresdal kommune

731 013 :: 2016

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei erfaring og kompetanse innan offentleg forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no.

Innhald

Om Telemark kommunerevisjon IKS	2
1 Innleiing.....	4
1.1 Plan for forvaltingsrevisjon	4
1.2 Kva er forvaltingsrevisjon?.....	4
1.3 Forvaltingsrevisjonar i FYRESDAL kommune i 2012-2015	5
1.4 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019.....	5
2 Plan for forvaltingsrevisjon	5
3 Overordna analyse.....	7
3.1 Om risiko og vesentlegheit – metodikk og rullering	7
3.2 Om Fyresdal kommune	8
3.3 Lokaldemokrati	10
3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll	11
3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet	15
3.6 Berekraftig utvikling	25

Foto framside: Danny Twang

1 Innleiing

1.1 Plan for forvaltingsrevisjon

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å utarbeide eit forslag til plan for forvaltingsrevisjon i kommunen.¹ Planen skal utarbeidast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret skal vedta ein plan for forvaltingsrevisjon seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. ***Forslag til plan for forvaltningsrevisjon finn du i kapittel 2.***

Planen skal byggje på ei overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå vurderingar av risiko og vesentlegheit, med sikte på å identifisere behovet for forvaltingsrevisjon. ***Denne analysen finn du i kapittel 3.***

Analyse og forslag til plan er utarbeidd av Telemark kommunerevisjon IKS i samsvar med gjeldande avtale om revisjonstenester. Analysen gjeld kommunen si verksemd og anna kommunal verksemd dersom verksemda er organisert som kommunalt føretak (KF), § 27 - samarbeid og vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 b og § 28 c.

Kommunal verksemd som er organisert i sjølvstendige rettssubjekt (interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap eller § 27-selskap) er ikkje dekte av analysen. For slike organisasjonsformer kan kontrollutvalet føre tilsyn ved hjelp av selskapskontroll.²

1.2 Kva er forvaltingsrevisjon?

På vegne av kommunestyret skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført

systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)³

Forvaltingsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll – det er ein del av kommunestyret sitt tilsyn med forvaltinga av og i kommunen. Forvaltingsrevisjonen si

¹ Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta) av 15. juni 2004, § 10.

² Jf. kontrollutvalsføreskrifta kapittel 6 og plan for selskapskontroll.

³ Revisjonsforskrifta § 7

rolle er å undersøkje om verksemda i kommunen skjer i tråd med gjeldande lover og reglar og kommunen sine planar og vedtak. Fokus vert også retta mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for innbyggjarane i kommunen.

Gjennom forvaltingsrevisjon kan kontrollutvalet:

- synleggjere moglegheiter til auka produktivitet og måloppnåing
- bringe fram styringsinformasjon til dei som tek avgjerder i kommunen
- bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- bidra til kommunen sin eigenkontroll

1.3 Forvaltingsrevisjonar i FYRESDAL kommune i 2012-2015

I Fyresdal kommune er følgjande forvaltingsrevisjonar gjennomført i perioden 2012-2015:

- Vest Telemark PPT - forprosjekt
- Lærlingar i kommunen
- Risikovurdering og internkontroll

1.4 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019

Forvaltingsrevisjon er omfatta av avtalen om revisjonstenester mellom Fyresdal kommune og Telemark kommunerevisjon IKS. Forslaget til plan har eit omfang på forvaltingsrevisjon som samsvarar med tilgjengelig ressurs etter avtalen om revisjonstenester. Kommunestyret/kontrollutvalet kan endre planen innanfor denne definerte ressursrama gjennom heile planperioden.

Dersom kommunen ynskjer fleire eller meir omfattande forvaltingsrevisjonar kan ein avtale det. Dette vert fakturert særskilt.

2 Plan for forvaltingsrevisjon

Innanfor gjeldande avtale om revisjonstenester og på bakgrunn av overordna analyse i kapittel 3, foreslår vi følgjande forvaltingsrevisjonar for planperioden 2016 – 2020, i prioritert rekkefølge. Timeomfang per prosjekt er eit førebels overslag. Ved endeleg

planlegging av forvaltningsrevisjonen kan ressursbehovet per prosjekt bli justert både opp og ned i samråd med kontrollutvalet.

Tema/tittel	Vinkling	Nytte	Omfang
Pleie- og omsorgstenester	Budsjettering og økonomistyring, ressursutnytting	Bidra til styringsinformasjon og god ressurs- og økonomistyring	200 timer
Vedtaksoppfølging	Undersøkje om kommunestyrets vedtak blir gjennomført og rapportert	Bidra til styringsinformasjon	200 timer

3 Overordna analyse

3.1 Om risiko og vesentlegheit – metodikk og rullering

Risiko handlar om

- kva som kan gå gale
- kor truleg det er at noko går gale, og
- kva som er konsekvensen.

Vesentlegheit i forvaltingsrevisjon handlar om kor viktig oppgåva eller området er for kommunen og kommunen sitt samfunnsoppdrag, eller for kommunen sine brukarar/innbyggjarar.

I vurderinga av risiko og vesentlegheit har vi tatt utgangspunkt i formålsparagrafen i kommunelova og rådmannen sitt ansvar⁴. Vi fokuserer derfor på følgjande område i analysen:

- Ligg forholda til rette for eit funksjonsdyktig folkestyre?
- Har rådmannen tiltak for verksemdsstyring og tryggande kontroll?
- Vert rettstryggleik, kvalitet og effektivitet sikra i utøving av mynde og i tenesteyting?
- Legg kommunen til rette for ei berekraftig utvikling?

For å kartleggje og vurdere risiko i Fyresdal kommune har vi gjennomgått kommunen sin økonomiplan 2016 - 2019, årsmelding 2014, planstrategi og annan styringsdokumentasjon. Vi har gjort ein analyse av nøkkeltal frå Kostra og anna statistisk materiale. Vidare har vi kartlagt kommunen sitt system for internkontroll, og vi har henta inn informasjon frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport, tilsynsrapportar og tilsynsplanar.

I Kostra-analysen nyttar vi tal for kommunen for perioden 2012 – 2014. Vi samanliknar kommunen med andre liknande kommunar og landsgjennomsnittet utanom Oslo og. I Kostra er kommunane gruppert etter størrelse, kostnader og inntekter. Fyresdal kommune er i kommunegruppe 06 som er små kommunar med høye bundne kostnader per innbyggjar, høye frie disponible inntekter.

⁴ Kommunelova § 1 og § 23 nr. 2

Vi har henta inn synspunkt på risikoområde og behov for forvaltningsrevisjon frå kontrollutvalet frå førre valperiode, og vi har gjennomført samtalar med ordførar og rådmann.

Kommunereform og rullering

Kommunereforma med moglege nye oppgåver og endra inndeling av kommunane vil kunne påverke risikobiletet og dermed plan for forvaltningsrevisjon. Dette er avhengig av kva for retningsval kommunen gjer i spørsmålet om kommunestruktur. Vi har lagt til grunn for vår analyse at eventuelle endringar i kommunestrukturen i Telemark ikkje vil ha verknad før i 2020. Dersom det blir endringar i kommuneinndelinga for Fyresdal kommune, kan det vere trong til å rullere plan for forvaltningsrevisjon for andre halvdel av planperioden.

3.2 Om Fyresdal kommune

Demografi

Fyresdal kommune hadde ved utgangen av 3. kvartal 2015, 1320 innbyggjarar, og har gjennom 2015 klart å snu ei negativ utvikling i folketalet. Kommunen har ein mindre andel i yrkesaktiv alder og i barnehagealder enn kommunegruppa og landsgjennomsnitt.

Om lag 10 % av befolkninga i kommunen har innvandrarbakgrunn, det same som eiga kommunegruppe. Landsgjennomsnittet er på 16 %.

I 2014 var arbeidsløysa om lag lik gjennomsnitt for eige kommunegruppe og for landet som heilhet.

Kommunen sin organisasjon

Ved utgangen av 2014 hadde kommunen 137 årsverk fordelt på 185 tilsette. Tal på årsverk har vore uendra sidan 2012. Kommunen har ein etatstruktur med tre leiarnivå. Det er fire kommunalsjefar under rådmann. Kommunalområda er økonomi og fellesteneste, kultur og oppvekst, helse og omsorg, og plan og teknikk. Under rådmannen soknar også personalkonsulent, næringssjef og NAV. Rådmannsgruppa består av rådmann, fire kommunalsjefar, personalkonsulent og NAV-leiar.

Kontrollutvalet har 14.10.15, sak 13/15 foreslått forvaltningsrevisjon av arbeidsmiljø.

Fyresdal kommune har fleire samarbeidsordningar, både administrativt og knytt til tenesteyting. Når oppgåver blir plassert ute av eigen organisasjon forsvinn noko av eigarskapen og innsynet på området, både administrativt og politisk. Det kan i seg sjølv vere ein risiko. Det kan derfor vere aktuelt å sjå nærmare på dei ulike samarbeidsordningane. Aktuelle tema er om dei er i tråd med formalkrav som er sett eller om kommunen har gode system for å følgje opp samarbeida og sikre at kommunen får dei tenestene dei skal. Dersom det er behov for å sjå nærmare på ei bestemt samarbeidsordning, blir dette omtalt seinare i analysen. Det er generelt tilrådeleg at forvaltningsrevisjon av samarbeidsordningar blir gjennomført for alle dei samarbeidande kommunane i fellesskap.

Fyresdal kommune har vertskommunesamarbeid på desse områda:

- IKT-samarbeid, Vinje vertskommune
- Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark, Kviteseid vertskommune
- Legevakt og akutthjelp, Arendal vertskommune
- Alarmsentralen 110, Skien kontorkommune (§ 27 samarbeid)
- Ressurscenter for økonomi og gjeldsrådgjeving i Vest Telemark, Seljord kontorkommune (§ 27-samarbeid)
- Krisesenter i Telemark, Skien vertskommune

I vertskommunesamarbeid er det kontrollutvalet i *vertskommunen* som kan vedta forvaltningsrevisjon.

Andre interkommunale samarbeid er mellom anna Vest-Telemark rådet, Interkommunalt arkiv (IKA Kongsberg), Utval mot akutt forureining IUA Telemark, Friluftsrådet Sør og Driftsassistansen i Telemark med ansvar for vatn og avløp og Midt-Telemark Arbeidsgiverkontroll.

Økonomi

Kommunen har relativt stor handlefridom økonomisk, men denne har blitt noko redusert. Mindre utbytte frå kraftselskapa og lågare overføringar frå sal av konsesjonskraft er noko av bakgrunnen for svekka økonomisk handlefridom. Fyresdal kommune har minst lån av kommunane i Telemark.

Kommunen har lågare frie inntekter per innbyggjar enn snittet for eiga kommunegruppe, samstundes som netto driftsutgifter på dei fleste områda ligg høgare.

Kostra 2014	Fyresdal kommune	Grppesnitt	Landsgj.snitt*
Frie inntekter per innbyggjar	66 100	68 850	48 610
Nto lånegjeld per innbyggjar	16945	72490	58 160
Disposisjonsfond i % av br. driftsutgifter	2,4	6,6	6,4
Akk. rekneskapsmessig meirforbruk i % av br. dr.utg	0	3	0,6
Nto dr.utg. til barnehage per innbyggjar 1-5 år	139258	137976	128 633
Nto dr.utg til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år	162214	156646	100 946
Nto dr.utg til kommunehelse per innbyggjar	3961	4860	2 319
Nto dr.utg til pleie og omsorg per innbyggjar	30284	445108	16 386
Nto dr.utg til sosialtenesta per innbyggjar 20-66 år	-824	2895	3138
Nto dr.utg til <i>barnevern</i> per innbyggjar 0-17 år	6018	13213	7 978
Nto dr.utg til <i>administrasjon og styring</i> per innbyggjar	10841	11462	4 258

SSB: Utvalte nøkkeltal, kommunar – nivå 1 og 2. Reviderte tal 26.06.2015

* Landsgjennomsnitt utan Oslo

I følgje rådmannen har administrasjonen eit stort fokus på å halde kostnadene nede og innafor budsjetttramma. Det har til tider vore vanskelig, og det har derfor vore naudsynt å nytte fondsmidlar for å få budsjetta i balanse. Etter kvart som fondsmidlane minkar er det no lite høve til det. Problemet med å halde budsjetttramma har vore størst på omsorgsområdet.

3.3 Lokaldemokrati

3.3.1 Openheit og innsyn

Openheit og innsyn er sentrale føresetnader for eit fungerande demokrati.

Offentleglova og kommunelova sine reglar om innsyn og opne møte skal leggje til rette for at kommunen si verksemd er opa og gjennomiktig. På den måten vert informasjons- og ytringsfridom, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte og ålmenta sin kontroll styrka.

Kommunen har postliste på nettsida. Politiske møte er opne og kommunen har meiroffentlegheit som prinsipp. Politiske møte blir kunngjort, og protokollar frå politiske møte blir lagt ut på kommunen si nettside.

God praksis for journalføring og arkiv er ein føresetnad for å sikre openheit og innsyn, sjå punkt 3.4.3.

3.3.2 Saksførebuing og gjennomføring av vedtak i kommunestyret

Rådmannen har ansvar for at saker til folkevalte organ er forsvarleg utgreidde og at vedtak vert gjennomført. Kommunen nyttar Ephorte som sakshandsamarsystem og

alle saker som skal førebuas til politisk handsaming er førebudd i Ephorte. Sakshandsamar er ansvarleg for å førebu sakene. I følgje ordførar varierer saksgrunnlaget i kvalitet, og det kan vere ei utfordring at saka er påverka av sakshandsamars syn i saka. Ordførar meiner at administrasjonen ikkje rapporterer på alle vedtak som skal vere gjennomført, anten ved ikkje å rapportere eller ved å rapportere at vedtaket ikkje er effektuert. I følgje rådmann nyttar ein Ephorte som system for å følgje opp at politiske vedtak blir gjennomført.

Ordførar ønskjer å fremje dette som tema for forvaltningsrevisjon.

3.3.3 Budsjettering og rapportering

Kommunen vedtar årleg handlingsprogram, årsbudsjett og økonomiplan for 4 år. Dette blir følgt opp gjennom tertialrapportering. Ordførar gir uttrykk for at dei folkevalde får rapportering i tråd med dette.

Kontrollutvalet har 14.10.15, sak 13/15 foreslått forvaltningsrevisjon retta mot budsjettoverskridingar.

3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll

3.4.1 Etikk og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard.

KS og Transparency International Norge (TI) tilrår at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalte, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI tilrår at dei etiske retningslinjene også vert gjort gjeldande for kommunale føretak. Kommunen skal i årsmeldinga gjere greie for tiltak som er planlagt eller sett i gang for å sikre tryggande kontroll og ein høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak.

I 2008 blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon om haldningar til etikk og varsling i Fyresdal. Formålet med prosjektet var mellom anna å sette fokus på etikk i kommunal forvaltning og medverke til at temaet blei aktualisert i kommunen. Det har vore to varslingssaker i kommunen som mellom anna har medført at kommunen har revidert varslingsrutinane. I kommuneplanen står det at etiske retningslinjer og varslingsrutinar for Fyresdal kommune blei revidert i 2014. Vi tilrår ikkje forvaltningsrevisjon på dette området.

3.4.2 Internkontroll

Kommunelova § 23 nr. 2 seier at rådmannen skal ha tryggande kontroll med verksemda i kommunen. Etter lovforarbeida vil det seie eit generelt krav om at kommunen skal ha internkontroll. I tillegg er det krav om internkontroll på ei rad særlovsområde, både sektorovergripande og for dei ulike tenestekområda i kommunen, f. eks. arbeidsmiljølova, personopplysingslova, opplæringslova, barnevernslova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova.

I 2012 blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av kommunens internkontroll og risikovurdering. Det blei konkludert med at mykje av internkontrollen var på plass, samstundes som manglar blei påvist. Viktig funn var at det blei jobba kontinuerleg med internkontrollen. Vi tilrår ikkje forvaltningsrevisjon på dette området.

3.4.3 Arkiv og dokumentasjon

Kommunar og offentlege organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet både i eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. I tillegg spelar arkiva ei rolle for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Velfungerande postjournalar og arkivordningar er grunnleggande føresetnader for å sikre dette.

Riksarkivaren går ut frå at kommunereforma vil få store konsekvensar for kommunen sin dokumentasjon, og påpeikar kor viktig det er å vere godt førebudd og tidleg ute med planlegginga. Det vil bli utarbeidd ei rettleiing for korleis kommunen kan førebu seg ved ei eventuell kommunesamanslåing. Rettleiinga skal vere ferdig i mai 2016.

Fyresdal kommune har svara på riksarkivarens årlege undersøking for kommunale arkivtenester i 2014. Der kjem det fram at Fyresdal manglar arkivplan, men har rutinar for arkiv. Kommunen har ein gamal arkivplan som ikkje er oppdatert. Mange av rutineane som skal vere på plass i ein arkivplan er i følgje rådmann etterlevd. Det er ikkje laga planar for handtering av kommunens arkiv ved ei eventuell kommunesamanslåing.

Kommunen nyttar Ephorte (elektronisk dokumenthandtering og arkiv). I årsmeldinga er det rapportert om arbeidet med arkiv og journalføring. Det går fram at leiargruppa har drøfta om all arkivverdig post blir registert i ePhorte. Det har også vore opplæring for alle leiarar av IKA Kongsberg (Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS).

Arkiv og dokumentasjon er eit område med generell risiko der forvaltningsrevisjon er aktuelt. Vi har likevel ikkje vald å prioritere dette i denne planen.

3.4.4 Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik gjeld alle tiltak som sikrar konfidensialitet, integritet og tilgang til informasjon og IKT-system, det vil seie alt som gir korrekt informasjon til dei rette menneska til rett tid.

Alle offentlege verksemder er etter § 15 i eforvaltingsforskrifta pålagde å ha internkontroll på informasjonstryggleik.

Personopplysningslova med forskrifter stiller krav om tilfredsstillande informasjonstryggleik med omsyn til konfidensialitet, integritet og tilgang ved handsaming av personopplysningar. Det er kravd dokumentert internkontroll. Styringssystemet må blant anna fastsette overordna mål for tryggleik, akseptabelt risikonivå og fordele ansvar og oppgåver i tryggingsarbeidet. Kommunen må skaffe ei komplett oversikt over alle personopplysningar som vert handsama innanfor dei ulike tenesteområda, vurdere risiko og opprette rutinar og eit aktivt system for handtering av avvik.

Kommunen har inngått ein avtale med ASPIT om drift av IT-systemet. Det er også inngått eit samarbeid med Vinje kommune om å drifte Agresso som økonomisystem. Rådmann har ikkje kjennskap om at det skulle vere særskilt risiko på dette området.

Etter vår vurdering er det risiko på dette området, og det blei påvist manglar med internkontrollen i 2012. Vi vil likevel ikkje prioritere dette området framfor dei andre risikoområda i forslaget til plan.

3.4.5 Innkjøp

Kommunane kjøper inn varer og tenester for betydelege beløp årleg. Regelverket om offentlege innkjøp skal bidra til at pengane vert utnytta best mogleg og at innkjøpa bidreg til eit konkurransedyktig næringsliv.

Reglane om offentlege innkjøp har også som føremål å bidra til ei berekraftig utvikling, og skal motverke sosial dumping og korrupsjon. Sosial dumping skjer både ved brot på reglar for helse, miljø og tryggleik og når løn og andre ytingar er uakseptabelt låge, samanlikna med det norske arbeidstakarar normalt tener. I innkjøpssamanheng kan kommunen arbeide mot sosial dumping blant anna ved å stille og følgje opp krav om løns- og arbeidsvilkår i kontraktar.

Også innan miljø og andre former for sosialt ansvar kan offentlege innkjøparar spele ei viktig rolle gjennom kvalifikasjonskrav og kontraktsklausular ved innkjøp, og oppfølginga av slike krav.

Nye og forenkla reglar om offentlege innkjøp er venta å gjelde frå våren 2016. Dei nye reglane vil gi kommunane både auka handlingsrom og nye plikter. Reglane skal mellom anna gi oppdragsgivar incentiv og plikter knytt til miljøomsyn og nedkjemping av barnearbeid og sosial dumping, og betre konkurransevilkåra for små og mellomstore bedrifter. Det vert foreslått at KOFA igjen skal kunne gi gebyr for ulovlege direkteinnkjøp.

Fyresdal kommune deltek i innkjøpssamarbeid i regi av BTV innkjøp. I perioden 2012 – november 2015 har det ikkje vore saker i KOFA som gjeld Fyresdal. Kommunen har eit innkjøpsreglement frå 2010. Innkjøp er ikkje omtalt i økonomireglementet.

Det er ikkje gjort forvaltningsrevisjon av offentlege innkjøp i Fyresdal tidlegare. Grunna den generelle risikoen som alltid er til stades på dette området kan det vere grunn til å tilrå forvaltningsrevisjon. På den andre sida er kommunen i stor grad god til å nytte dei rammeavtalane som er inngått. Det er ikkje påvist brot på innkjøpsreglane i samband med revisjonsarbeidet gjennom året. Vi vil derfor ikkje prioritere forvaltningsrevisjon av innkjøpsområdet framfor andre aktuelle tema.

3.4.6 Offentleg støtte

Statsstøttereglane i EØS-avtalen påverkar i stor grad rammene for nærings- og sysselsettingspolitikken. EØS-avtalen har eit forbod mot tildeling av offentleg støtte til føretak dersom støtta kan vri eller true med å vri konkurransen og påverke samhandelen innan EØS-området. Kommunen kan tildele støtte innanfor dei rammene og prosedyrekrava som følger av reglane om offentleg støtte.

Ein del kommunar tilbyr sjølv eller gjennom eigarskap, varer og tenester i konkurranseutsette marknader, for eksempel badeland, kafédrift, utleige av næringseigendom. Slik aktivitet skal skje utan offentleg støtte. Det betyr at aktiviteten skal vere tydeleg skilt frå anna offentleg verksemd, slik at det ikkje skjer ei ulovleg kryssubsidiering av den konkurranseutsette aktiviteten til kommunen. Risiko for at det vert tildelt ulovleg offentleg støtte kan også hende når kommunen kjøper eller sel eigendom utanom den opne marknaden.

I følgje rådmannen gir kommunen offentleg støtte til næringsverksemd, men beløpa er under terskelverdiane.

Kommunen utarbeidde vedtekter for bruk av næringsfondsmidlar i 2005, tilgjengelege på kommunens nettside. Gjeldande vedtekter har ikkje henvising til EØS-regelverket om offentleg støtte. Nye vedtekter skal opp til politisk handsaming januar 2016.

Det kan vere ein risiko for at Fyresdal kommune gir ulovleg offentleg støtte. Dersom det vert ei klagesak knytt til dette, kan det føre med seg krav om at støttemottakar må betale tilbake støtta. Det vil vere uheldig for støttemottakar. Slike saker kan også vere arbeidskrevjande og føre til tap av omdømme for kommunen. Vi har likevel ikkje vald å prioritere dette i denne planen.

3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet

Kommunane forvaltar ein stor del av fellesskapet sine midlar. Det meste av disse midla blir brukt til å produsere dei tenestene som innbyggjarane treng. Tenestene skal ha det omfang og den kvalitet som lova krev, og mynde skal forvaltast slik som lovverket føreset.

3.5.1 Kultur og oppvekst

Barnehage

Som eigar og maktutøvar har kommunen mange oppgåver på barnehageområdet. Kommunen skal mellom anna sørge for plass til alle born med rett til barnehageplass, godkjenne barnehagar, samordne opptak, drive rettleiing og føre tilsyn.

Kommunen har berre ein barnehage, og har dei siste åra hatt noko sviktande inntekter grunna nedgang i talet på barn. Barnehagen er bygd om i 2014/15. Driftsutgiftene til barnehage er noko høgare i Fyresdal enn i kommunegruppa og landsgjennomsnittet. Blant dei pedagogisk tilsette har 80,5 % godkjent barnehageutdanning. Dette er det same som for kommunegruppa, men er lågare enn gjennomsnitt for landet. Sjukefråværet i barnehagen er relativt lågt samanlikna med nasjonalt gjennomsnitt for barnehagar.

Barnehagen sine vedtekter er uendra sidan 2013. Foreldrebetalinga vart endra i 2015.

Kommunen har gode rutinar for fakturering og innkrevjing av foreldrebetaling. Rådmannen vurderer at det er liten risiko knytt til drift av barnehagen.

Fylkesmannen har i 2015 gjennomført eit tilsyn med kommunen som barnehagemyndede. Tilsynsrapporten konkluderer med at kommunen som barnehagemyndede ikkje gir rettleiing og ikkje ser til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk.

Leiar av kontrollutvalet (2015-2019) har foreslått ein forvaltningsrevisjon av barnehagen med fokus på bemanning, rutinar, beredskap og informasjon/samarbeid med foreldre. Vi vurderer at det kan vere risiko på desse områda men har likevel valt å prioritere andre områder i forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Skule

Fyresdal har ein skule i kommunen, Gimle skule som har 171 elevar frå 1-10 årstrinn. Netto driftskostnader per innbyggjar 6-15 år til grunnskulesektoren har auka i 2014 samanlikna med dei to føregåande åra og ligg over gjennomsnitt for eiga kommunegruppe og landsgjennomsnitt. Andel elevar som får spesialundervisning har felle og ligg under eiga kommunegruppe og landsgjennomsnitt.

Kommunen skal ha eit system som gjer det mogleg å vurdere om kommunen oppfyller pliktene etter opplæringslova, jf. opplæringsloven § 13-10. Eit tilsyn frå Fylkesmannen i 2015 har vist at Fyresdal kommune har manglar på dette området.

Kommunen skal utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, jf. opplæringslova § 3-10. Vi har fått tilsendt rapporten for 2014. Rapporten er berre delvis utfyllt. Største utfordringa er i følgje rapporten mobbing på tiande trinn. I rapporten står det at det er tatt grep og at problemet er redusert i etterkant av rapporteringa. Fylkesmannen sitt tilsyn med skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet i 2015 viste avvik som i etterkant er lukka.

Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev, jf. opplæringslova § 1-3. Skule har vore eit satsingsområde i kommunen med tett politisk oppfølging. Det er gjennomført konkrete tiltak i arbeidet med kvalitetsutvikling og det å sikre tilpassa opplæring, mellom anna eit felles prosjekt i Vest-Telemark «Betre læring for alle elevar».

Dei faglege resultatene i skulen er tilfredstillande, men ei positiv utvikling i gjennomsnittleg grunnskulepoeng for tiande klasse snudde i 2014/2015. Kommunen

har med det gått frå å vera over landsgjennomsnittet til å ligge under landsgjennomsnittet.

Andelen lærarar med universitets-/høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning har falle dei siste tre åra og er no meir på høgde med kommunegruppa og landsgjennomsnitt.

Skulen har eit relativt lågt sjukefråvær.

Skule er eit område der forvaltningsrevisjon kunne vore aktuelt. Vi har på grunn av at det var tilsyn frå fylkesmannen i 2015 valt å ikkje tilrå forvaltningsrevisjon av skulesektoren.

SFO

Kommunen skal tilby SFO til alle som ynskjer det. Ordninga skal ha vedtekter om eigarforhold, opptakskriterium, opphaldstid, bemanning og foreldrebetaling, jf. opplæringslova § 13-7. Vidare skal elevar i SFO sikrast eit godt fysisk og psykososialt miljø, jf. opplæringslova § 9a-1. Utover dette har kommunen få konkrete plikter knytt til SFO. Ein risiko innan SFO er at tilbodet ikkje er tilstrekkeleg i omfang og kvalitet.

Fyresdal kommune utarbeidde nye vedtekter for SFO i 2014. Kommunen har vesentleg høgare netto driftsutgifter per innbyggjar i alderen 6-9 år enn gjennomsnittet i samanlikningskommunane og landet.

Det skal opp til politisk handsaming om SFO skal utvide sommarstenging frå juli månad til heile sommarferien.

Introduksjonsordninga

Ved utgangen av 2014 var det 33 flyktningar busett i Fyresdal kommune. Same år var det ti deltakarar på introduksjonsprogrammet. For perioden 2016-19 har kommunen vedtatt å ta i mot ti flyktningar.

Introduksjonsprogrammet skal bidra til at deltakarane vert kvalifisert for arbeid eller vidare utdanning. Ordninga vart innført i 2004, og i 2011 kom krav om internkontroll, for å sikre at krava i lova vert følgde. Dette er eit område med fokus på nasjonalt nivå, og regjeringa har foreslått endringar i introduksjonslova for mellom anna å styrke språkopplæringa, jf. Stortingsproposisjon 130 L (2014–2015).

Fyresdal kommune kjøper tenester av Telemark lys AS til mottak av flyktningar og gjennomføring av introduksjonsprogrammet. Telemark lys rapporterer i tråd med dei føringar som er gitt.

I følge Imdi⁵ hadde Fyresdal færre enn fire personar som avslutta introduksjonsprogrammet i 2014, og resultatane er av personvernomsyn ikkje referert i tilgjengelig statistikk.

Fylkesmannen har ikkje gjennomført tilsyn med introduksjonsordninga i Fyresdal dei siste tre åra. Sidan introduksjonsordninga er lagt til eit aksjeselskap, må ein eventuell forvaltningsrevisjon gjerast som selskapskontroll, sjå eigen plan for selskapskontroll.

Bibliotek

Kommunane har ansvar for folkebibliotek og skulebibliotek. Folkebiblioteka skal fremme opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til born og vaksne legge vekt på kvalitet, mangfald og aktualitet. Alle kommunar skal ha ein fagutdanna biblioteksjef, og innhaldet og tenester som biblioteka gir skal gjerast kjent.

Biblioteket i Fyresdal har opne fire dagar i veka. Biblioteket har starta utlån av e-bøker, opna mobilweb og vore med på prosjekt gjennom Vest-Telemarkbiblioteka rundt ein wordpress webportal.

Kulturskule

Alle kommunar skal ha eit kulturskuletilbod til born og unge, anten åleine eller i samarbeid med andre kommunar. Kulturskolane er både eigde og drifta av kommunen, og det er kommunane sjølve som bestemmer innhald og omfang av tilbodet i skolane sine.

Kommunen bruker betydeleg meir ressursar på å drifte kulturskuletilbodet enn kommunar i eiga kommunegruppe og i forhold til landsgjennomsnittet. I 2014 gikk om lag 1/3 av grunnskuleelevane i kulturskulen. Det tilsvara talet for eiga kommunegruppe og ligg markant over landsgjennomsnittet.

⁵ Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

3.5.2 Helse og omsorg

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, medrekna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfanget og innhaldet av tenestene er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.

Samhandlingsreforma

Målet med samhandlingsreforma er å få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod. Reforma skal bidra til rett behandling – på rett stad – til rett tid. Ressursar skal i større grad brukast til å bygge opp kommunen sine helse- og omsorgstenester. Pasientane skal få betre koordinerte tenester, og innsatsen for å avgrense og førebygge sjukdom skal aukast.

Kommunane må betale for utskrivingsklare pasientar som dei ikkje kan ta imot. Dette gjeld førebels ikkje pasientar innan psykisk helse og rus. Her blir betalingsordninga innført tidligast i 2017.

Kommunane er pålagde å opprette tilbod for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp (ø-hjelpsplassar). Kommunen må ha dette tilbodet på plass innan 2016.⁶ Fyresdal kommune har ein avtale med Arendal kommune om kjøp av slike plassar. Rådmannen er nøgd med samarbeidet, og ordninga blir no vurdert kommunane i mellom.

Gjennom årsmelding og økonomiplan gir kommunen uttrykk for at ein er nøgd med korleis kommunen har implementert samhandlingsreforma. I økonomiplanen har kommunen sett mål om *fortsatt god vidareføring av samhandlingsreforma*.

Folkehelsearbeid

Arbeidet med folkehelse og det å førebyggje sjukdom er sentralt i samhandlingsreforma. Kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeid går fram av folkehelseloven (2011). Kommunen skal fremme helse og arbeide for å førebyggje sjukdom, skade og sosiale problem. Kommunen skal sette mål og strategiar for folkehelsearbeidet. Utgangspunktet skal vere identifiserte folkehelseutfordringar i

⁶ Helse- og omsorgstenestelova § 3-5

kommunen. Formålet med at kommunen skal setje mål og strategiar er å sikre politisk og tverrsektoriell forankring av folkehelsearbeidet.

Kommunestyret har i 2015 vedtatt Strategi- og tiltaksplan for folkehelsearbeid i Fyresdal kommune 2014 – 2017. Det er sett av midlar til ei 20 % stilling som folkehelsekoordinator. Folkehelsearbeid verkar å vere godt innarbeidd i kommunen. Mellom anna har kommunen arrangert ein eigen folkehelsefestival for kommunens innbyggjarar og det er oppretta eit eige folkehelsesteam. Folkehelseprofilen for kommunen i 2015 er i følgje administrasjonen særst god.

Omsorgstilbod i og utanfor institusjon

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle som har behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose. Omfanget av pleie- og omsorgstenestene har auka dei siste åra. Det aukande behovet kjem både av at tenestetilbodet har vorte bygd ut i takt med at det vert stadig fleire eldre, særleg i aldersgruppa over 90 år, og at det har vore ein sterk auke av yngre mottakarar (under 67 år). Fyresdal kommunen har relativt mange mottakarar av heimetenester blant innbyggjarar over 80 år, og nokon færre blant dei under 67 år.

Kommunale helse- og omsorgstenester er i hovudsak ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk hjelp, opphald i institusjon, medrekna sjukeheim, og tilbod om avlastingstiltak, støttekontakt og omsorgslønn. Alle kommunar skal ha tilbod om brukarstyrt personleg assistanse (BPA), og frå 01.01.15 har alle brukarar med trong for omfattande hjelp rett til å få BPA. I budsjettet for 2016 har Fyresdal kommune tatt høgde for auka utgifter.

Tal i KOSTRA syner at Fyresdal har dårlegare dekning på døgnbemanna omsorg enn eiga kommunegruppe, men betre dekning enn landsgjennomsnittet. Det er bygd ut ei ny demensavdeling som har auka kapasiteten i kommunen.

Kommunen har høge og aukande netto driftsutgifter til pleie og omsorgstenester. Det er ein risiko for at kommunen ikkje driv pleie og omsorgstenester på ein effektiv måte.

Ordførar trur det kan vere nyttig å undersøke om organiseringa av tenesta fremmar effektiv drift.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Kommunen skal tilby helsestasjons- og skulehelseteneste til barn og ungdom 0–20 år. Tilbodet skal fremme psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, og

førebyggje sjukdom og skade, jf. helsestasjonsforskrifta §§ 1-1 og 2-1. Tal frå Ungdata⁷ syner at ungdomsskuleelevane i Fyresdal er dei elevane som i Telemark nyttar skulehelsetenesta mest. Det har i 2015 vore eit tilsyn med skulehelsetenesta i kommunen. Det blei gjort mindre funn ved skulehelsetenesta.

I følge Barneombodet opplever mange at det er for få helsesøstre og at dei har for lite tid på skulen. Undersøkingar viser at helsesøstre korkje har tid til å gjere dei lovpålagde oppgåvene eller til oppsøkende arbeid og informasjonsarbeid. Tal frå Kostra viser at Fyresdal har langt fleire årsverk til slike tenester enn gjennomsnitt i eiga kommunegruppe og heile landet.

Det er ein risiko for at etablering av asylmottak i kommunen kan redusere kapasiteten til helsestasjons- og skulehelsetenesta.

I 2015 gjennomførte Helsetilsynet eit tilsyn med skulehelsetenesta i kommunen. Det blei gitt avvik knytt til at helseopplysningar ikkje blir forsvarleg dokumentert og kommunisert.

Psykisk helse

Tal frå folkehelseinstituttet viser at psykiske lidningar er meir utbreidde i Telemark enn i landet sett under eitt. I Fyresdal er psykiske lidningar mindre utbreidde enn i landet sett under eitt.

Kommunane har ei sentral rolle i å identifisere, utgreie, behandle og følge opp personar med psykiske lidningar. Dette er også eit felt med behov for koordinerte tenester og tverrfaglig samarbeid, både internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Både skulehelsetenesta og PPT kan ha ei viktig rolle i arbeidet med å førebygge sjukdom. Fyresdal kommune har betre dekning av personell med vidareutdanning innan psykisk helse enn landet, men lågare dekning enn gjennomsnitt i eiga kommunegruppe.

Fyresdal kommune har eit tverrfagleg team som handsamar søknader frå alle innbyggjarar, og er kommunen si koordinerande eining. Vedtaka kan gjelde førebyggjande tiltak og opphald i institusjon eller omsorgsbustad.

⁷ Ungdata er ein spørjeundersøking til elevar på ungdomsskule og vidaregåande skule utarbeidet av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, de regionale kompetansesenterne på rusfeltet og KS, som kommunene kan gjennomføre gratis med bistand fra det lokale kompetansesenteret på rusfeltet.

Regjeringa har varsla at den vil innføre eit krav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Det er foreslått eit tilskot per psykologårsverk som blir rekruttert frå 2016 og til plikta trer i kraft. Dette er ikkje omhandla i siste kommuneplan eller økonomiplan for Fyresdal, men i ein forstudierapport for kommunereforma i Vest-Telemark kjem det fram at det er ynskjeleg med meir psykologkompetanse i regionen. I følge rådmannen er det samtalar mellom kommunane i Vest Telemark om samarbeid for å auke psykologkompetansen i kommunane.

Rusomsorg

Innanfor rusomsorga er det behov både for førebyggjande arbeid og tiltak knytt til behandling. Det er behov for koordinering internt i kommunen og mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Netto driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem har gått ned i Fyresdal frå 2012 til 2014. Det er uvisst om dette skuldast dårlegare tilbod eller redusert behov blant innbyggjarane. I økonomiplanen for 2016 står det som mål at det skal vere fokus på rusførebyggjande arbeid.

Frå statleg hald er det gitt tydelege føringar for behovet for opptrapping av tenestetilbodet, og det er utarbeida ein ny nasjonal opptrappingsplan på rusfeltet. Fyresdal kommune har utarbeidd ein «Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan» for perioden. Planen blei utarbeidd i 2009 og vart revidert i 2013, og skal reviderast igjen i 2016.

Barnevern

Fyresdal kommune har barneverntenesta gjennom eit vertskommunesamarbeid der Kviteseid kommune er vertskommune. Den interkommunale ordninga kan bidra til betre kompetanse og kapasitet i tenesta. Tal i Kostra syner at alle stillingane i barneverntenesta har fagutdanning.

Dei seinare åra har det nasjonalt sett vore ein auke i talet på bekymringsmeldingar til barneverntenesta, og ein auke i talet på born og unge som tek imot tiltak – særleg tiltak utanfor heimen. Utgiftene til barnevern i Fyresdal har auka noko dei siste åra, men er lågare enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet.

Tal frå Kostra syner at Fyresdal sender fleire bekymringsmeldingar og at det blir gjort fleire undersøkingar enn gjennomsnittleg i eiga kommunegruppe og for landet. Samstundes har kommunen færre barn med tiltak frå barneverntenesta enn

samanlikningsgrunnlaget. Det er vanskeleg å tolke kva dette skuldast. Er det for låg terskel for å melde bekymringar eller har kommunen større utfordringar på området enn andre kommunar? I ein liten kommune som Fyresdal er tala frå Kostra ekstra usikre med omsyn til naturlege svingingar.

Det er ofte fleire og samansette årsaker til at utsette barn og unge kjem i kontakt med barnevernet. Barna og familiare deira får ofte tiltak frå fleire etatar. Det er derfor viktig med eit godt fungerande tverrfagleg samarbeid i kommunen. Når barneverntenesta ligg utanfor kommunen, kan det vere ein risiko for at ansvar og oppgåver ikkje er tydeleg forankra og fordelt mellom vertskommunen og kommunen og mellom dei ulike kommunale tenestene. Det kan gjere at risiko knytt til samordning og tverrfagleg førebygging blir større.

Ansvar for Fyresdal kommune si oppfølging av barneverntenesta er plassert i avdeling for helse og omsorg. I budsjett og økonomiplan 2016 – 2019 er målretta innsats på førebygging omtala. Kommunen har etablert eit tverrfagleg omsorgsteam som skal vere eit lågterskeltilbod til barn og ungdom. Barneverntenesta deltek i samarbeidet. Målet er å fremme god helse og førebygge omfanget av problem og behovet for hjelp.

Bustadsosialt arbeid

Fleire kommunar har utfordringar i arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. I følgje rådmann har ikkje dette vore eit problem, men mottak av flyktningar set kommunale tenester under press. Fyresdal har mange kommunale bustader og i følgje rådmann er Husbanken med på å ruste opp enkelte bustader. I følgje Kostra har kommunen likevel færre bustader og lågare bruk av Husbanken enn eiga kommunegruppe og nasjonalt gjennomsnitt.

3.5.3 Sosiale tenester

På landsbasis har utbetalingane til sosialhjelp auka dei siste åra. SSB melder om at det i 2014 var det høgste talet på mottakarar av sosialhjelp på 10 år. I Fyresdal har det vore ei auke frå 25 til 31 sosialhjelpsmottakarar, og det er lagt inn ein auke i utgiftene på kr 300 000 i budsjettet for 2016. Gjennomsnittleg utbetaling per stønadsmånad har gått ned. Årsverk i sosialtenesta per 1000 innbyggjarar har auka, men er framleis lågare enn landsgjennomsnitt og gjennomsnittet i eiga kommunegruppe. Fyresdal hadde færre enn fem langtidsmottakarar av sosialhjelp i 2014. Det er betydeleg færre som har sosialhjelp som einaste inntektskjelde i Fyresdal enn landsgjennomsnittet. I årsmeldinga for 2014 står det at kommunen skal halde fram med å nytte tildelte midlar til kvalifiseringsprogrammet i NAV. I 2014 vart det nytta kr 378 000 til dette føremålet.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av sosialtenesta i kommunen før. Tal frå Kostra og klagestatistikk frå Fylkesmannen syner ikkje særskilt risiko på dette området.

3.5.4 Plan og teknikk

Kommunen yt tenester og utøver mynde på sjølvkostområda vatn, avløp, renovasjon, branntilsyn/feiing og plan- og byggesak.

Gode system for innsamling av [avfall](#) og oppfølging av forsøplingssaker er viktig for å hindre forsøpling, helse- eller luktproblem eller andre forureiningsulemper som følgje av avfall. Kommunen skal sjå til at det er etablert eit system for innsamling av hushaldningsavfall, og at det er eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av elektrisk og elektronisk avfall og farleg avfall frå hushaldningar og mindre verksemder. Innbyggjarar og verksemder skal ha informasjon om denne tenesta. I Fyresdal er det selskapet Renovest IKS som sørger for dette. Kommunen har mottak der ein kan levere farleg avfall. I tillegg er det gjennvinningsstasjonar der avfall kan bli levert. Renovest IKS har informasjon om dei ulike henteordningane, kjeldesortering og avfallsanlegga på eigne heimesider. Fyresdal kommune har omtale av dette på kommunen sine nettsider.

Vest-Telemark brannvesen IKS har ansvar for feietenestene og det brannførebyggande arbeidet i kommunane i Vest-Telemark.

Ein forvaltningsrevisjon av desse tenestene, må gjerast som selskapskontroll.

I 2014 var det låg sakshandsamingstid på byggesakshandsaming i Fyresdal. Det vart ikkje registrert søknadar der lovpålagt sakshandsamingstid er overskriden.

I 2014 hadde Fyresdal ingen klagesaker etter plan- og bygningsloven. I 2015 fikk dei ein klage som blei omgjort. I følgje rådmann er dei per januar 2015 ajour når det gjeld oppmåling.

Sjølvkost

Vassforsyning, avløp, renovasjon, feiing og byggesaksbehandling vert finansiert gjennom gebyr frå innbyggjarane. Frå 1.1.2015 kom nye retningslinjer for korleis sjølvkost, og dermed også den øvre rama for gebyrinntektene frå innbyggjarane, skal reknast ut.

Vest-Telemark brannvesen IKS har ansvar for feietenestene og det brannførebyggande arbeidet i kommunane i Vest-Telemark og Renovest AS leverer renovasjonstenester. Vatn og avlaup er organisert i kommunen under Drift og vedlikehald.

Sjølvkost blir berekna manuelt. Kommunen er liten og oversiktlig og ein har ikkje sett nokon risiko knytt til sjølvkostberekning gjennom det årlege revisjonsarbeidet.

Ein forvaltingsrevisjon av sjølvkostarbeidet/anna arbeid i selskapa som leverer tenester til kommunen, må gjerast som selskapskontroll.

3.6 Berekraftig utvikling

3.6.1 Planlegging i kommunen

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging og vedtak skal sikre openheit, føreseielegheit og medverknad for alle interesser og styresmakter. I planlegginga skal det leggest vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast.

Kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. I Fyresdal blei planstrategien vedteke i sak 11/14 i 2014. Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplan og arealdel (91/14) er vedteken av kommunestyret i 2014. Det har i følgje rådmann vore mykje diskusjon med Fylkesmann om utforming av arealdelen. Villrein, scooterkjøring og hyttebebyggelse har vore diskutert. Kommunen hadde ein klima- og energiplan for perioden 2010 til 2014.

3.6.2 Næringsutvikling

Ei av oppgåvene til kommunen som planstyresmakt er å vurdere og ta omsyn til næringsutvikling og næringsutbygging i kommunen. Kommunestyret har 17.06.2015 vedtatt ein ny kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing. I planen går det fram at rådmann har ansvar for å setje i verk tiltak og fylgje opp mål, strategiar og tiltak i planen. Tiltaka skal evaluerast ein gong i året.

I 2014 var arbeidsløysa på 1,4 %, men vil truleg auke i tida framover. IKM Maskinering har sagt opp dei 15 tilsette på produksjonsstaden i kommunen og det går truleg mot at skogsleiren Kleivgrend i kommunen blir nedlagd. I følgje rådmann har kommunen moglegheit for å bli ein omstillingskommune. Dette vil utløyse offentlege midlar som kan gjere det enklare å starte opp ny verksemd i kommunen.

Vi har i 2007 utarbeidd ein forvaltningsrevisjonsrapport om bruk av næringsfond/kraftfond. Rådmann trur det kunne vore nyttig å foreta ein ny forvaltningsrevisjon på området.

3.6.3 Eigedomsskatt

Kommunestyret bestemmer om kommunen skal innføre eigedomsskatt. Rammene for kommunen sitt handlingsrom, prosess og reglar om utrekning er regulert i eigedomsskattelova. Kommunestyret har i 28.01.16, sak 7/16, vedtatt å ikkje innføre eigedomsskatt på hus, fritidsbustader og næringsbygg.

3.6.4 Eigdomsforvaltning og vern av verdier

Eigdomsforvaltninga

Kommunale eigendomar har betydeleg verdi. Samla kostnader for innkjøp, forvaltning, drift og vedlikehald utgjer om lag 15-20 prosent av økonomien til ein kommune. Ei kartlegging frå 2008 viste at om lag 1/3 av kommunale bygg var i god stand, 1/3 i delvis utilfredsstillande stand og 1/3 i dårleg stand.

God eigdomsforvaltning i kommunen handlar om å gi brukarane gode og effektive bygningar til lågast muleg kostnad. Dette vil seie å skape best mulege rammevilkår for brukarane si verksemd over tid. Kommunen har rolla både som eigar, forvaltar og bruker av eigedom. Desse rollene er ulike og kan til tider ha motstridande interesser, og det er viktig at funksjonane er organisert på ein føremålstenleg måte.

Førande tilrådingar for god eigdomsforvaltning tilseier at kommunen bør ha oversikt over status for kommunale bygg og bustader med tanke på å ivareta gjeldande krav til teknisk og funksjonell tilstand på eigedomane. Kommunen bør vidare ha overordna politisk forankra mål for bustad- og eigdomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og til slutt rapportering som gir god kommunikasjon mellom bustad- og eigdomsforvaltninga og politikarane, og som kan tene som grunnlag for avgjerder.

I følgje rådmann har kommunen god innsikt i status for dei ulike bygga som kommunen eig. Bygga er i stor grad nye eller har vore rehabilitert dei siste åra. Det er derfor sannsynleg at kommunen ikkje har store utfordringar knytt til teknisk og funksjonell standard på eigedomane. Kommunen har innført IK-Bygg som er eit internkontrollsystem som kan synleggjere byggets tilstand og skaderisiko.

Kontrollutvalet har 14.10.15, sak 13/16 foreslått forvaltningsprosjekt på eigedomsforvaltning.

Kunst

Kommunen sin kunst kan utgjere store verdier, både økonomisk, kulturelt og historisk. Kommunen bør derfor ha ei oppdatert oversikt over den kunsten som kommunen har ansvar for, og gode rutinar for å ta vare på og sikre desse verdiane. Ansvarsforhold for administrasjon og forvaltning av kunst i kommunen, medrekna om kunstverk er tilstrekkeleg forsikra bør vere avklart og dokumentert. Kommunen har i følgje rådmann ikkje store kunstverdier og han ser derfor ingen særleg risiko knytt til sikring.

3.6.5 Samfunnstryggleik og beredskap

Plan- og bygningslova set krav til samfunnstryggleik i planlegginga i kommunar og fylke. Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane å planlegge beredskapen basert på ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap gjennomfører årlege kommuneundersøkingar. Resultata frå Kommuneundersøkinga i 2014 viser at kommunane har eit forbettringspotensial på dette området, sjølv om stadig fleire kommunar jobbar godt og systematisk innan samfunnstryggleik og beredskap.

I 2012 gjennomførte vi ein forvaltningsrevisjon om risikovurdering og internkontroll. Året etter gjennomførte Fylkesmann eit tilsyn på samfunnstryggleik og beredskap. I 2014 har kommunen i samarbeid med Fylkesmann gjennomført ein kommuneøving. I følgje rådmann har kommunen fått mykje ros av Fylkesmann på dokumentasjon av arbeidet som gjerast i kommunen.

3.6.6 Miljøforvaltning

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med å nå dei nasjonale miljømåla. Miljødirektoratet si kommuneundersøking 2008-2010 viste at mange kommunar slit med å innfri pliktene sine på miljøområdet.

Kommunen si mynde og samfunnsoppgåver på dette feltet spenner frå nedgravne oljetankar i bustadfelt via friluftsliv/fri ferdsel, viltforvaltning og motorferdsel i utmark til lokal luftkvalitet og klimaomsyn i lokal planlegging.

Fyresdal kommune er ein stor kommune i areal med mykje utmark som treng tilsyn og forvaltning. Administrasjonen er relativt liten, noko som aukar risikoen. Dersom det skulle vere aktuelt med forvaltningsrevisjon på kommunen si miljøforvaltning så må

det definerast nærare kva ein vil undersøke nærare. Det er grunn til å tru at motorferdsel er eit særskilt risikoområde i Fyresdal. Vi har likevel ikkje vald å prioritere dette i denne planen.